



## Behovsoppgåve idrettsanlegg i Lindås Knarvik idrettspark – rehabilitering friidrett

Knarvik er kommunesenter for Lindås, og regionsenter for Nordhordland. Knarvik Idrettspark ligg sentralt plassert, med nærleik til barneskule, ungdomsskule og vidaregående skule. Knarvik er også heimearena for det største friidrettslaget i regionen.

Eksisterande friidrettsanlegg er regionen sitt hovedanlegg for friidrett. Eksisterande løpebane var bygd på 80-talet, og er re-sprøyta to gonger. Kommunen har hentet inn råd fra profesjonelt hold som konkluderer med at det må leggast nytt dekke, og at dei tekniske anlegga må rustast opp.

Friidrettsanlegget vil bli nytta av skulane på dagtid, og av organisert og sjølvorganisert aktivitet på ettermiddag og kveldstid. Ei friidrettsbane i god stand er også viktig for å kunna arrangera stemne og meisterskap.

Lindås kommune vil stå som ansvarleg for drift og vedlikehald. Det lokale friidrettslaget AKS 77 har vist stort engasjement for stadionanlegget, og har gjennom ei årrekke bidrøye både økonomisk og med dugnad til vidareutvikling av Knarvik stadion. Kommunen ser laget som ein stor ressurs i eit vidare samarbeid.

Prosjektet er omtalt i handlingsprogrammet i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv. Rehabilitering av friidrettsanleget har støtte frå Lindås Idrettsråd.

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

